



**Kvinnherad kommune**

Rådmannen  
Samfunnsutvikling


**Rosendalsvegen 10**  
5470 ROSENDAL

Tel: 53483100  
Fax: 53483130  
Org.nr: 964 967 636  
Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no  
www.kvinnherad.kommune.no

Det Kongelige Finansdepartement  
Postboks 8008 Dep.

0030 Oslo



Saksbehandlar  
Arne Handegard

Tlf.direkte innval

Vår ref.  
2007/5109

Dykkar ref.  
15.11.2007

Dato  
12.12.2007

## **Innspel til utgreiing om arealavgift i kystsona.**

Kommunen viser til dykkar brev datert 15.11.07 der vi er inviterte til å komma med innspel til utgreiinga om betaling for bruk av areal i kystsona.

Kvinnherad kommune reknar seg som ein relativt stor havbrukskommune med 25 godkjende lokalitetar for matfisk av laks og aure, to store setjefiskanlegg, 10 godkjende lokalitetar for marine arter og 20 lokalitetar for skjel. Alle desse lokalitetane er ikkje i bruk samstundes, men legg likevel beslag på store areal i kystsona.

Sjølv om kommunen har som mål å leggja til rette for ei positiv utvikling av havbruksnæringa, er det fleire og fleire som spør seg kva vi får att for å stilla så store ressursar til disposisjon og kor mykje av verdiane som vert verande att i kommunen. Siste tida har det difor vore etterlyst former for kompensasjon for utnytting av desse naturressursane.

I brevet dykkar er det lista opp ein del punkt som de ønskjer synspunkt på. Punkt 7-9 på denne lista er retta direkte mot kommunane. Til desse punkta har vi følgjande synspunkt:

### **Pkt 7: Har kommunen eigen kystsoneplan?**

Kommunen har i tidlegare utarbeidd ein grovmaska havbruksanalyse der kystsona vart inndelt i «ja-område», «nei-område» og «kanskje-område» for matfisk av laks og aure. Denne analysen har vore eit godt grunnlag for behandling av konkrete søknader om nye lokalitetar. Kommunen har ikkje planar om å utarbeida separat kystsoneplan, men sjøområda vert innarbeidde i det ordinære kommuneplanarbeidet. På denne måten oppnår vi ei best mogleg samordna og samla arealplanlegging for sjøområda og landområda i kommunen.

### **Pkt 8: Korleis er kunnskapsgrunnlaget og kompetansen knytta til planlegging av kystsona?**

Kommunen har dei siste åra opparbeidd ein brei kompetanse i planlegging av kystsona. Etter kvart vert også kunnskapsgrunnlaget i form av faglege utgreiingar om ulike interesser knytt til arealbruken i strandsona betre og lettare tilgjengeleg. Det må likevel peikast på problem med diffuse svar frå fiskerimyndigheitene i samband med arealavgrensing av akvakulturlokalitetar. Er det t.d. avgrensinga av overflateinstallasjonane som skal visast eller er det totalarealet med utgangspunkt i botnfesta som skal visast? Denne problemstillinga er høgst relevant i samband med utforming av arealavgifter.

**Pkt 9: Opplever kommunen at det føreligg interessekonflikter knytta til planlegging i kystsona?**


Kommunen opplever ofte interessekonflikter mellom akvakulturanlegg og fritids- og friluftsinnteresser knytta til strandsona. Det vert hevda at akvakulturanlegga legg beslag på store sjøareal og reduserer opplevingsverdien. Dette vert hevda både frå friluftsinnteressene og fritidsutbyggingsinnteressene si side.

I **punkt 10** vert det stilt spørsmål om kor vidt ei særskilt betaling kan bidra til betre tilrettelegging og reduksjon av mulige konflikter om arealbruken i strandsona. Innføring av arealavgift kan vera ei form for kompensasjon for utnytting av naturressursane knytt til strandsona, men det må i alle høve setjast klare krav om at desse inntektene skal gå til kommunane.

Kommunen kjenner til at det har vore prøvt med avgift knytt til produksjon, dvs avgift pr kilo slaktefisk og pr utsett smolt. Næringa har den siste tida endra opplegget for produksjon av matfisk slik at det nå vert nytta større areal pr konsesjon enn før. Det bør difor vurderast å knyta avgifta til beslaglagt areal i staden for at avgifta skal knytast til produsert mengde fisk. Avgift knytt til areal vil også gje kompensasjon for lokalitetar som i periodar ikkje er i bruk (kvileperiodar). Ut frå dette bør avgifta knytast til areal som er bandlagt til akvakulturføremål.

Dersom kommunen får hand om slike arealavgifter, er det grunn til å tru at vi framleis vil vera positive til å tilretteleggja for ei vidareutvikling av akvakulturnæringa.

Med helsing



Trond Sætereng  
rådmann



Arne Handegard  
saksbehandlar